

4.2 Kontrollutval

Etter § 23-1 første ledd vel kommunestyret sjølv eit kontrollutval som på vegner av kommunestyret skal føre laupande kontroll med forvaltninga i kommunen. Kommunestyret vel også sjølv leiar og nestleiar i kontrollutvalet.

Etter § 23-1 andre ledd skal kontrollutvalet ha minst fem medlemmer. Dette er ein auke i det lågaste talet på medlemmer samanlikna med dagens lov. Minst ein av medlemmene i utvalet skal veljast mellom medlemmene av kommunestyret. I den nye lova er det også tatt inn ei føresegn om at leiaren ikkje kan vere medlem av same parti eller same gruppe som ordføraren i kommunen.

Dei vanlege krava til valbarheit i § 7-2 og kven som er utelukka etter § 7-3 gjeld også for kontrollutval. I § 23-1 tredje ledd bokstav a-h er det særlege reglar om kven som ikkje kan veljast til kontrollutvalet. Dette er:

- ordførar og varaordførar
 - medlemmer og varamedlemmer av formannskapet
 - medlemmer og varamedlemmer av folkevald organ med myndigheit til ta avgjerd (merk at medlemmer og varamedlemmer av kommunestyret likevel er valbare)
 - medlemmer av kommuneråd
 - medlemmer og varamedlemmer av kommunestyrekomité.
-
- tilsette i den aktuelle kommunen
 - personar som har ei leiande stilling eller som er medlem eller varamedlem av styret eller bedriftsforsamlinga, i eit selskap som kommunen har eigarinteresser i
 - personar som har ei leiande stilling, eller som er medlem eller varamedlem av styret i eit interkommunalt politisk råd eller eit kommunalt oppgåvefelleskap.

Det nedste punktet er nytt i lova, og gjeld dei tilfella der representantskapa i eit slikt interkommunalt samarbeid har oppretta eit underordna styringsorgan etter høvesvis § 18-3 fjerde ledd og § 19-3 femte ledd. Dersom eit slikt organ i realiteten er eit "styre" med dei oppgåvene og myndigheit som normalt ligg til eit styre i eit selskap, så kan medlemmene og varamedlemmene i dette organet ikkje veljast til kontrollutvalet.

Som det går fram av lista, fører den nye lova vidare at ein person som er tilsett i kommunen ikkje kan veljast til kontrollutvalet, og dette gjeld uavhengig av kva brøk vedkomande er tilsett i. Bakgrunnen for dette er omsynet til å sikre at kontrollutvalet og medlemmene skal vere uavhengig og utan bindingar til kommunen. Dessutan vil ein hindre at medlemmer av kontrollutvalet får saker til handsaming som gjeld dei sjølve eller verksemda der dei er tilsette.

Kommunestyret kan når som helst halde nyval av medlemmene i kontrollutvalet, jf. kommunelova § 23-1 fjerde ledd. I motsetnad til det som gjeld for utval, kan kommunestyret ikkje vedta å legge ned kontrollutvalet i valperioden. Kontrollutval er eit lovpålagd organ.

Utvalet sine oppgåver er nærare omhandla i kapittel 23 i kommunelova og forskrift om kontrollutval og revisjon, fastsett av departementet 17. juni 2019.